

RAULAND KYRKJE

Rauland kyrkje ligg fint til her ved innsjøen Totak. Ho er ei krosskyrkje som vart bygd i 1803, og hadde altså 200-års jubileum i 2003. Plassen kyrkja ligg på, har truleg vore ein kultplass heilt frå førkristen tid. Før den noverande kyrkja vart bygd, stod det ei stavkyrkje frå mellomalderen her. Denne kyrkja vart riven i 1801 og den nye kyrkja vart sett opp to år seinare, av Halvor Høgkasin.



Til 150-års jubileet i 1953, vart kyrkja restaurert innvendig. Ho vart då dekorert av kunstmålarer Kristian Kildal og den lokale bygdemålaren Olav Fossli.

Frå den gamle stavkyrkja er det teke vare på fleire ting. Det mest verdfulle er dei to krusifiksa. Krusifikset i venstre krossen er tidfest til 1200-talet, medan krusifikset over altaret truleg er frå tidleg 1300-tal.

Salmebokskåpet i høgre krossen er frå 1787, og er pynta med eit portrett av Marcus Monrad, som var prest her på den tid kyrkja vart bygd. I våpenhuset heng det ein plank frå den gamle stavkyrkja og nøkkeien til den gamle låsen på inngangsdøra. I tillegg er det også teke vare på både kollektbøsse, ljosestakar og dåpsfat som var i bruk i gamlekyrkja.

Biletet i høgre krossen og krusifikset i sakrestiet, er laga av raulendingen Sveinung Aanonsen Vasshus. På preikestolen over altaret står bokstavane «RA». Dei tyder «Rauland Anneks», idet Rauland på denne tid høyrde til Vinje prestegjeld. Initialane «C7» står for Christian den sjuande, som då var konge i Danmark/Noreg. Bokstavane «XR» på preikestolkledet, er dei greske bokstavane for Kristus. Antependiet er sauma av tekstikunstnaren Miling Svalastog, og dei tre bokstavane «JHS», står for: Jesus Hominum Salvator (Jesus menneska sin frelsar).

Kyrkja har eit danskbygd orgel frå 1984. Dei elektriske ljosa er berre nokre få år gamle. På særskilte dagar brukar ein framleis levande ljøs.


På sidsida av kyrkja, ned mot vatnet, er det ein port. Grunnen til dette, er at ein i gamal tid ofte kom roande til kyrkje.

Eit lite stykke opp langs vegen frå kyrkja, er det ei stor grop kalla «Hestedokki». Her meiner ein at hesten «Førnesbrunen» ligg gravlagd. Under svartedauden frakta denne hesten lik frå Møsstrand til kyrkjegarden her, heilt til han sjølv sette livet til ein vinterdag i 1349. Det er sett opp eit minnesmerke over Førnesbrunen ved Hestedokki, laga av bilethoggaren Tor Vaa.

Rauland kyrkje er hovudkyrkja i prestegjeldet. Møsstrand og Øyfjell kyrkjer høyrer også med til Rauland prestegjeld. (English text on the other side)

RAULAND CHURCH

The church is beautifully situated beside Totak lake in Rauland. It was built in 1803 by Halvor Høgkasin in the form of a cross, its altar lying in the East. The site has probably been used as a place of worship since before Christianity. A wooden stave church which stood here since the middle ages was pulled down in 1801, two years before the present church was built



In 1953 the interior of the church was restored in honour of its 150th anniversary. It was then decorated by the national artist Kristian Kildal and a local painter, Olav Fossli.

Several articles have been saved from the original stave church. The most valuable of these are the two crucifixes which date from the thirteenth and fourteenth century; both are pieces of Norwegian local artistry.

The hymn-book cupboard on the East wall dates from 1787. It is decorated with a portrait of Marcus Monrad, the priest at that time. In the entrance porch there hangs a key to the old lock on the entrance door, and a wooden plank from the stave church. Other articles saved from the old church include the baptismal bowl, the wooden collection box and the candlesticks.

The picture in the South wing and the crucifix in the vestry behind the altar were made by Rauland artist Sveinung Aanonsen Vasshus. On the pulpit above the altar you can see the letters "RA". These mean "Rauland Annex", as the church was annexed to Vinje Parish at that time. The initials "C7" stand for "Christian VII" who was then king in Denmark and Norway. The Letters "XR" on the small cloth on the pulpit are the Greek letters for Christ. The altar-cloth is the work of the contemporary weaver Miling Svalastog, and the three letters "JHS" (Jesus Hominum Salvator), stand for "Jesus the Savior of the World".

The church organ was built in Denmark in 1984. The electric lights are comparatively new. But on special occasions, such as Christmas, candlelight is still used to illuminate the church.

To the South of the church building is found a gate leading down to the water. The reason for this is that in olden times people often came rowing by boat to church.

A short way up the road from the church there is a site known as "Hestedokki". In the sunken hollow here there is supposed to be buried the horse "Førnesbrunen". During the Black Death this horse carried corpses from Møsstrond by Møsvatn lake to the churchyard here, right up until it died one winter day in 1349. The memorial stone set up at Hestedokki has been made by the sculptor, Tor Vaa.

Rauland is the main church of the parish. Øyfjell and Møsstrond churches are the two others.